

Emnenr. 64

Fylke: Sør - Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Toknedal

Emne: Død og Begravelse

Bygdelag: Sørbygda

Oppskr. av: Ola E. Steusås

Gard: Steusås

(adresse): Toknedal

G.nr. 34 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

## Dødsvarslor.

1.-2. Før i tida tok dei mange slags varslor om at ein snart fekk spørja at ein annan var død.

Dersom det låg ein kross foran ein på marka eller golvet, den kunne vera av strå eller liknande.

Dersom det var brann i solet på ei gryte, c.l., det var lys som var små fritsker som kagade i solet; det betydde likferd.

Dersom ein snåva i døstokken var ein gjekk ut eller inn av døra.

Dersom det faldt mat or munnem på ein var ein sat og åt.

Dersom ein klødde på brystet skulle ein få spørja kjønsskilnad (skilnad av gifte).

Dersom ein klødde i oristen



2

fekk ein snart gå etter lik.  
Dersom haneu gol om natta,  
serlig för midnatt, var det feigt  
folk i huset.

Dersom ein dröymde at ein  
var i lag med mykje folk, som  
i gjestebud, fekk ein snart vera  
i gravöl.

Dersom ein dröymde at skorne  
var sünne, var det nokon i  
slekta <sup>som</sup> ville döy.

Dersom klida til ein person  
vart südeker av t. d. müs var  
ho (han) feig.

Dersom det flaug ein fjgl  
mot vindauge när nokon var i  
romet var han feig. Var det  
fleire i romet var den som var  
nærast glaset feig.

Dersom kattigla var nergaande  
på garden, var det ein kwan som  
var feig der.

Var det mykje vindfall i  
skogen eller sterk stormvar, vart  
det mange dødsfall i den næraste  
sida. Det heitte og at den som  
først kom til eit vindfall som  
läg over vegen, var feig.

Dersom ein person mös berre  
ein gong ved visse høve, som t.  
d. ved bordet om julekvelden var  
dette dette siste gongen han tok  
del og var med, som t. d. han ville  
ikkei lva til neste jül.



3. Nei, ikkje så langt eg veit.

3

4. Her må ein kunne svara både ja og nei. Det var nok slik at somme lykkst sjå og høyra mir enn andre. Grunnen til det var truleg at dei alle ei sterkare ovtid enn folk flest. Og det var helst etter at nokon var død at ein fekk vita at dei hadde høyrst eller sett det eller hint.

5. Nei

6. Nei, ikkje noko sers. Men det har nok vore slik at når heller sjukelige og eldre folk har gått det sers kavelst så fydde det at dei snart ville døy. Og der ting kurr og ein del på sjøle og.

### Dødsliet.

7. Nei. Dei som skulle døy, fekk døy der dei låg til vanleg.

8. Det vart ikkje gjort noko med dei ting som var i romet.

9. Nei.

10. Ja, til somme vart det suett bød eller prestur, i sær hvis



den sjüke ynskte det.

4

11. Presten kom jo til stades og vart vist inn i romet til den sjüke. Dessom den sjüke hadde noko å skrifte, var det høve til det. Etterpå song prester inn salme og las og tala for den sjüke og bad med han. Presten tok så kjole på seg og lot så den sjüke gå del i Jesu heilage likam og blod.

12. Det vart sendt bod etter dei som den sjüke ynskte å få tala med. Det var og slik at dersom ein var nøydd til å vaka over den sjüke, så tok folk frå dei næraste grannane del i det.

13. Som regel ikkje. Men sume sa jo i frå om kven som skulle bedast o. s. v.

### Tiden mellom dødsfall og begravelse.

14. Her brukast vanleg ordet "å dø" eller "det er slutt med han, ho".

15. Ein kunne kjenna på livara på armen om pulsen ikkje slo, men i tvilsfelle la ein og speil over munnene på den døde.

16. Eg har ikkje høyrte nokon for-  
felja om nokon som har vore skinn-



5  
døde. Men eg har høvert at i eit  
svilstilfelle fekk dei kom til i hogga  
hol på ei are på den døde, og på  
den vis skaffe seg visse om at  
vedkomande verkeleg var død.

17. Ja.

18. Ja, i sime høve nytta ein  
bind, i andre høve salmebok.

19. Dei næraste vart varsla med  
det aller første etter at døden var  
innkådt. Det var slik at ein  
frong til ein kvar av grannane til  
i hjelpe til med dei ting som  
laut ordnast med skaket etter  
dødsfallet.

20. Den som først gjekk med bod  
om at nokon var død, var ein av  
dei som var i huset, og då ein som  
ikkei var for nær den døde i slekt.  
s. f. d. ektemaker. Det var og jamt at  
det var ein av grannane til stades  
når nokon døydde, og da gjekk han, (ho)  
sjølosakt med bod. Beiamannen  
var ein heilt annan; han gjekk i kring  
og bad folk til gravølet.

21. Nei.

22. Ein tok seg ikkei fore med  
nokor ting i rommet.



23. Tiden i fra døden innhätte til den døde kunne variere nok, men den døde blev flyttet ut av sengen i det fyrste dögnet. Dessom det var kiste for handa, vart den døde lagt i den 8-10 timar etter han var död.

24. Säfamt ein ikkje fekk tak i kiste med ein gang, vart den døde lagt på ein bente eller på eit bord.

25. Nei

26. "Ligge på likstrå" er lite brukt her. Men ein meiner den lida liket er på garden, til det vert gravlagt.

27. Det vart gjordt fyrste dagen etter at den døde var flytt ut.

28. Nei.

29. Her har eg ikkje hørt tale om noko likstrå, anna enn den halmen som var i senga.

30. Liket blev stelt ganske snart etter at døden var innhätte, ein 6-8 timar.

31. Det var helst ei kvinne i nabo- laget som stelte liket.

32. Nei



33. Ja, håret vart greitt og ordnet  
på ein fin måte.

34. Ja.

35. Ja, men ikke alltid.

36. Ja, andlet og hunder.

37. Nei

### Likkler.

38. Ein sa her „i svøpe“.

39. Dei vart kalla likkler, seinare  
svøp.

40. Det var nytta likloken, storleiken  
på det kunne vera omlag  $1\frac{1}{2}$  m x 1 m.

41. Sjøme nytta bridelakeriet. Eg  
veit og om at det var nytta svært  
kostbare laker, som f. d. med innsydd  
„Hardangersaum“. Det siste høve slik  
her herde for omlag 8-10 år sidan. Det  
var laga av dotter til den avlitne.

42. Liket vart kledd i underkleer.

43. Sjøme kunne nok ha bridelinet  
eller brudgomsskjorten liggjande så  
den vart nytta som likklede. Det  
var jo elles vanleg at dei hadde



8  
likkledda liggjande ferdigsyddde, og då  
heldels i lang tid.

44. I eldre tid var dei laga av  
lin, men seinare tok dei til å  
nyttå bomullstøy.

45. Nei.

46. Liket skulle ha strømper på  
seg, men ikkje sko.

47. Nei.

48. Nei.

49. Nei.

50. Lume brukte nok å sy blonder  
på likkleerne, men ikkje alle.

51. Å kjøpe likkleer tok ein til  
med for omlag 20 år sidan.

52. Nå vert likkledda kjøpt, og dei  
er laga av papir

53. Ja.

54. Det var nok dei som trüdde  
at beroring av liket ga lekjedome  
for gense småting, men kva slag  
sjukdom det gjaldt vit eg ikkje.

55. Nei



56. Nei.

9

57. Nei

58. Ja, det var nok mange som hadde kisten stående ferdig. Eg har f. d. hørt om at ei kvinne her i grenda hadde kista si stående på to tværsperer oppe under taket i vedskjulet på folkeskulen. Dei hadde imidlertid ikke rom hjemme. Dette hendte for omtag 55 år sidan.

Det var nemlig min skildre dei hadde materialer liggjande, for eg veit at då onkel min døydde laut dei få laga kiste etter han var død; og det var ein gardbrukar i nærheten som tok seg av det, og han skaffa og til materialer. Det var i 1918, og han som døydde var berre 20 år gammel.

59. Så snart dei tok til å laga spiker var det mytka, men for den tid mytka dei sjølsakt berre tunger.

60. Ja.

61. For i tida var det nok flere snokkervante som laga kister. Men seinare var dei ein einstilt småbrukar her i bygda som laga kister. Han heitte Anders O. Andseth, og sonen hans har seinare halde fram med det.



62. Kistene var alltid svarte, dei var laga av vatn og tjönrök.
63. Kvite kister tok en til å bruke i kring år 1925. Overgangen kom jo litt etter kvart.
64. Nei.
65. Til underlag mytta ein høvelspon.
66. Det vart mytta høvelspon i piken og.
67. No kjøper ein kistene, og dei er alltid kvitmåla.
68. Håustemnerne fekk den døde med seg i kisten, men ikkje noko slag anna.
69. Nei.
70. Den tid dei laga kistene sjølve vart dei ikkje pynta. Men sidan er det noko pynt på dei, kors, englefigurar o. l.
71. Nei.
72. Nei.
73. Nei.



74. Ja, dei næraste slektingane, og likeinn einhvar av grannane var til stades når liket blei borte ut etter at det var lagt i kista, men det var ikkje halde nokor andektsstund.

75. Dei som var til stades fekk mat. eller nokon fest var det ikkje.

76. Kista vart sett i eit uthus, s. f. d. på hestelåven.

77. —

78. Det vart ikkje pynta noko sers der. Ein rydda sjöbusakt bort noko av rusk og ras og skødde noko bar på golvet, men det var ikkje alltid.

79-80. Ukjendt hvor

81. Nei

82. Ja.

83. Liket vart lagt på.

84. Andledstüker var ein sirkanta søykleit.

85. Den hadde ikkje noko sars namn.

86. Ja, det kunde nok at det kom verner og grannar for å sjå like. Det kunde nok at det var born med  
og.

08101



87. Nei

12

88. —

Loqi

89. Det sømde seg ikke med støy og bråk, når det låg lik på garden eller i grannelaget!

90. Nei.

91. Nei

92. Ei roleg framferd ansåg ein for å vera sømleg. Det var ikke vakkert å vera bråk og kei i den fyrste tida etter at nokon var død.

93. Kvinnene skulle bera svart kjole, men elles bar dei ikke særskilde klode i gravferda.

94. Nei.

95. Nei.

96. Nei.

97. Nei.

Synge ut liket

98. Likferda var som regel alltid på ein laurdag.

99. "Gravel".

16150



100. Loket blev altid sunget ut før det vart føid til kirkegarden. Det kallar ein her for "uttakking" - å takke ut. Der det var rom til det blev kista satt inn i stua, men det var svært ofte at dei sette kista ute i gangen, og dei lét da dørene inn til stova og kammer stå opne slik at dei som sat der kunne høyra kva som vart sagt. eller på sumars tid kunne dei og halda til ute på tunet, i sær der det var kongt om plass inne.

101. Nei

102. Det var vanleg å leggja ein kvit duk på kista, men det var ikkje alltid den var så stor at den rakk over heile kista, men den vart i så fall lagt midt på loket.

103. Ein sette lys oppå loket.

104. Ein brukte berre itt lys.

105-108. Når kista skulle berast ut, sette ein lys på til sides og sløkte det. Nokre fleire skikkar var det ikkje med det.

109. Nei.

110-111. Vaknalt er ukjendt her.



112. Nei.

14

113. Nei.

114. Ja, no er det berre prestene som held likkaleu i himnen.

115. Den skitoken tok smalt om sunn å koma i bruk frå omlag år 1930.

116. Framgangsmåten. var då omlag som nå. eller eg trur nok lateu som vart brøden fekk eit meir personleg preg, av di meir personlege forhold kom fram i det som vart sagt. Noko som vart både likt og mislikt på same tid.

117. Nei

118. —

119. For var det slik at det var karfolk i frå næraste grannelaget som bar liket ut. Det vart mykje gifte til gift person, og ugifte til ugift person.

120. Ja.

121. No er dei ikkje så nøye med dette. Det er mykje brukt at søner til den døde bar liket ut, eller borse-søner. Dei er heller ikkje



så nøye med om det er gifte folk som beer gift, og ugifte som beer ugifte.

15

122. Liket skulle bære ut med fotendens først.

123. Nei

124. Nei

125. Nei

126. Her er det lang veg til kyrkja, så ein laut mytta hest, og då var det vanleg at ein kvau sette sleden på plass i tønnet, slik at kista vart sett på hane med ein gong når liket blev båret ut.

127. Nei.

128. Ein stor del av folka fylgde etter ut på tønnet, både menn og kvinner.

129. Støstparten av dei menn som tok del i gravølet fulgte med til kyrkjegarden.

130. Kvinner har nok fulgt med i lang tid no, og heilt vanleg sidan 1930.

131. Her gjeld inga slik oppfatning.



132. Veire var ikkje pynta, men atmed stovedøra i heimeu har det vore vanleg med 2 granne, eit på kvar side av hoppa, og likeins pynta med granbar over døra, og på hoppa.

133. Nei.

134. Ja, det er vanleg i heire flagg på halv stong der dagu nokon i grannelaget vert føid til grava. Der skikken kom i bruk i 1920-åra.

135. Slekt, vuer, grannar og likeins dei som bur langs med kyrkjivegen flaggar på halv stong.

136. Nei.

137. —

138. Det har alltid vore slik her at dei har flagga på halv stong heile dagen.

139. Nei

140. —

141. —

142. Ukjendtt her.

143. Nei

144. —



145. Som eg har nemt för (pkt. 136) var ein her nöyde til å køyra liket til kyrkjeja. Ein brukte å leggja granbar under kista på sleden eller vognen. Det bruker ein når ein flyttar bil og.

146. Flesken som drog liket, skulle vera mørk av farge, brun eller svart, helst det siste.

147. Nei

148. Ja, ein skulle kjøre i vanleg gangfart, når ein fór til kyrkjegarden.

149. På heimvegen kørde dei fortare, mykje i trav, men det var inga kappkøyring.

150. Det var den naraste grannen som kørde liket.

151. Ja.

152. Nei.

153. —

154. Nei

155. Nei



18  
På kyrkeigarden.

156. Når ein køyrde med hest, tok ein kista direkte frå vogna og bar ho inn på kyrkeigarden. Det var dei same som bar kista her som i heimen; køyrekaren var altio ein av dei som bar. Sidan ein tok til å bruke bil, settar ein kista ned på marka før ein ber ho inn på kyrkeigarden, og då kve nok sjåføren hjelpe berarane med å lyfte kista ned av bilen.

157-158. Ukjendt her.

159. Ja 156.

160. Nei.

161. Ja.

162. Nei.

163. Nei, det er sjeldan. Det har vel hendt når nokon av dei som har vore tilsett ved kyrkja har vore gravlagt, men ikkje elles. Ja, det hende ein gong i nazi-tida, då ein førar vart gravlagt, men slikt kan ikkje seiest å ha etnologisk verd.

16150



164. Nei.

19

165. Nei.

166. Nei.

Graven.

167. Her i bygda har det vore fast gravar so lenge nolevande folk kan hugsa.

168. Han blir her kalla for gravar.

169. ~~W~~kjendte for meg.

171. Nei.

172. I den tid ein brüdde at folk kunne "gå att" etter at dei var døde, var dei i den meining at ingen som det var kasta jorda på kunne "gå att".

173. Det var brükt å sette ein staur gjennom jorda ned på kista til den dagen jordfestinga skulle finne sted.

174. Gravene vart så og seia ikkje pynta i eldre tid.

175. Nei, visse dagar er det ikkje, men det er vanleg å pussa gravene om våren og så halda dei i stand.



Særlige tilfælde.

176. Dei, ein sjölmordar fekk ikkje same still. som andre. Han vart lagt i kista slik han var då han vart funnen etter ildåden.

177. Kista vart lyfta over muren og inn på kyrkjegarden.

178. Dei det har seg ikkje høist. eller i gamal tid var det vanleg at når dei køyde liket av ein sjölmordar til kyrkjegarden så sette han som køyde liket seg skruvs over kista, og køyde så i kass til kyrkjegarden. eller i seinare tid er det slutt.

179. Grava til sjölmordarane ved kyrkja her var for seg, i nordvestre byrue av kyrkjegarden. I seinare tid vart dei gravlagt som andre døde.

180. Udøpte barn vart gravlagt som andre barn.

181. For tidleg fødte barn vart sett ned i grava samstundes med at ein annan død vart gravlagt.



182. Her i bygda seier me "gravöl" eller meir eller vår dialekt "gravel".

183. Det var vanleg å senda ein mann i veg å be til begravelsen, og då var det jammast den same mannen i grenda som vart mytta til det.

Det var sjeldan nokon i slekta vart mytta til bearmann.

184. Beartaget var omlag det same anten det var bryllup eller gravöl.

185. Nei, han var vanleg kledd.

186. Han føide seg på ein vanleg skil og vjordsam måte.

187. Nokor fast bearbør var det ikkje, men han var omlag slik:

"O skull stann-foi å be dokk åit begravelsen has - d. d. - tart om fredagskvelden åit vitiun att" eller, "O skull stann-foi å be dokk te følgj åit begravelsen has - d. d. tart om lördau åit vitiun att."

188. Til vanleg vart han traktert med kaffe, og mat og somme stader.

189. Innom bygda var det ikkje vanleg med bearbør, men når nokon utom bygda skulle bedast kunne ber vesta sendt.



190. I eldre tid kunne gravølet vare både 3 og 4 dagar, fram til i dag har det vore mykje varleg med 2 dagar.

191. Det høyrde til 3 faste matvar. Det var åbit, (frokost), dugurd, og nattvord. Ellis var det Skaffe først, og innimellom matvara, og ikkje å glemma det sjølskrivne Skiltet med det same folka var komme til gards.

192. Nei, det har eg ikkje høyrst.

193. Nei.

194. Ja, dei næraste slektningane var frikkne fra å da del i arbeidet med tilskilninga.

195. Nei, dei som ikkje tok del i gravølet, helt fram i varleg arbeid.

196. Dei hadde med seg sendingane når dei møtte fram.

197. —

198. Som det går fram av svar 187. vart næraste slekt og næraste granuar bedne til om fredagskvelden, og då fekk dei kaffe og mat. Det vart då servert mjølksuppe og kokt saltfisk.

199. Nei.



200. Hel sending var: 8 baker, 1 form smør (ca 2 kg), 1 fat med gomme, 1 mjølkost, 1 kjøttlår og et stykke flest, 1-2 brødstenger, 1 stor kake og livar (kromkake, men ikke krommet).

Halv sending: 4 baker og brød og mjølk.

Når dei kom andre gravølsdagen hadde dei så med seg mjølk og rømme. Eg må og nemne at dei var i veg med mjølk om fredags morgon.

201. I sinne tid er det så vorte mindre sendingar, men det har halde seg fram til no. Skikken med flere dagar vert korta inn fyrst til 3 dagar, så til 2. og no i det siste til 1 dag.

202. Noko alkoholforbruk er snakke om i samband med gravøl tur og nok og for seia det aldri har vore.

Jule om mallet er forvunnet vert det til dels laga et likør til drikk ved middagsbrødet.

203. Skikken med så bera sending har nok halde seg lengre ved gravøl enn ved bryllepp. Men når det gjeld heimelaging av öl for og seia det er omvendt.

204. Nei, kransen kom i tillegg til sendingane.



205. Kransen kom i bruk ved år-  
hundredskiftet. I fyrsteninga var  
det berre dei som bar bedde til  
kvelds (d. v. s. dagen føre), som bar kranse.  
Einare vart det vanleg at alle som  
var bedde bar kranse.

206. Dei, det var nokre få kvinner  
som laga kranse.

207. Ein brukar no kranse med sløyfer  
av papir eller silke med trykt skrift  
på.

208. No, vert alle kranse lagt på  
kista og fylgjer med i grava. For tok  
dei med mange kranse himn att  
der dei vart like vare på nokre  
lengje.

209. Når det er mykje kranse vert  
en del lagt oppå grava, der dei vert  
liggjande ei tid til dei visnar.

210. No vert det servert kaffe og brød (kaker)  
så frokost, før ein fer til kyrkje. Etterpå  
er det middag og kaffe.

211. Det hender no og då at bevertinga  
vert halde på ein kafe.

212. Skitken med å overføre dødsfall  
tok til å koma i bruk for om lag  
30-40 år sidan.